

Førskulegruppa

Det er 8 barn på førskulegruppa i år ☺

Renate har ansvar for å leggje til rette oppgåver og aktivitetar for gruppa. Ho har også med seg ein annan vaksen, slik at barna ikkje må vente så lenge for å få hjelp .

Førskulegruppa er om fredagane, kl. 9.30 til 10.30.

Første økt arbeider me med Trampoline boka. Trampoline boka er eit aktivitetshefte.

I aktivitetsheftet står det korte oppgåvetekstar som beskriv kva barna skal gjere i dei ulike oppgåvene. Store tema som tal og bokstavar har fått meir plass og fleire oppgåver enn andre tema.

Meistringsnivået til barna er forskjellig; nokon kan skrive namnet sitt, andre har eit godt begrepsapparat, andre er på vei til å meistre, og nokon treng fortsatt mykje støtte. På bakgrunn av dette, er vanskegraden i heftet lagt på eit nivå som dei aller fleste vil kunne meistre ☺

Etter denne økta er det ønskjeleg at me skal få til eit friminutt. Då vil me gå ut ein tur litt før kl. ti og gå inn igjen når klokka ringjer inn kl. 10.00. På denne måten vil barna få «lufte» seg, og få ein ekte skulefølelse ☺ Dette har me ikke fått til enda, då vi har komt for seint i gang.

Andre økt består av bevegelsesleik, sangleiker, aktivitetar med objekt, dialog, brettspel, fargelegging osv.

I den nye rammeplanen står det at dei eldste barna skal få mulighet til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og møte skulen med nysgjerrighet og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjent med kva som skjer på skulen og på skulefritidsordninga.